

## Høyringssvar «Planprogram for Husnes som regionsenter»

Hordaland fylkeskommune vedtok 10.12.2014 «Regional plan for attraktive senter i Hordaland». Her vart Kvinnherad fastsett som eigen region med Husnes som regionsenter. Planen har eit hovudmål som seier: «*Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvennleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.*»

Vi har merka oss at det no snart er 4 år sidan fylkeskommunen gjorde dette positive vedtaket for Kvinnherad og Husnes. Samstundes er Kvinnherad i ein situasjon der folketal, alderssamansetjing, næringsliv, arbeidsplassar, kommunikasjonar og attraktivitet ikkje har slik utvikling ein kunne ønskja.

Det er difor på høg tid at det vert sett tung fokus på og gjeve prioritet til dei viktigaste problemstillingane og moglegheitene Kvinnherad og Husnes har.

Vi vil difor gjera framlegg om at følgjande vert iverksett snarast som ein uavhengig og parallel prosess til planprogrammet:

*Kvinnherad Formannskap opprettar snarast ei frittståande prosjektgruppe med medlemer frå næringslivet i regionen med Kvinnherad Næringsservice som sekretariat.*

*Gruppa skal greia ut og koma med konkrete framlegg og innspel på m.a. følgjande:*

1. *Næringsliv, eksisterande og nytt*
  - Kva kan gjerast for eksisterande næringsliv?
  - Korleis kan vi tiltrekkja oss nytt næringsliv (potensiale-utfordringar)?
  - Korleis gjera det attraktivt for næringslivet (kommunal service-løyver-planar)
  - Kva servicefunksjonar/tenester/andre tilbod bør vi ha i regionsenteret
  
2. *Samferdsle*
  - Effekt av å knyta Sunnhordland saman ferjefritt med tilknyting til ny E39
  - Mellombels kommunikasjonsløysingar mellom Kvinnherad og Stord
  - Reduksjon/fjerning av bompengar på Halsnøysambandet
  - Internkommunikasjon mellom regionsenteret og resten av Kvinnherad
  - Samanknyting av industriområdet nordaust for Hydro Husnes med sentrum

*Kvinnherad kommune opprettar ei frittstående prosjektgruppe med medlemer frå politikk, næringsliv og organisasjonar i regionen med Kvinnherad Næringsservice som sekretariat.*

*Gruppa skal greia ut og koma med konkrete framlegg og innspel på m.a. følgjande:*

1. *Statlege/fylkeskommunale arbeidsplassar/funksjonar*
  - Kva talar for og i mot å få etablert nye slike funksjonar på Husnes?
  - Kartleggja kva som kan vera aktuelle institusjonar/funksjonar
  - Kan det leggjast nye oppgåver til allereie eksisterande institusjonar/funksjonar?
  - Korleis gjera området attraktivt og marknadsføra regionsenteret?
  - Korleis vinna i konkurransen med alle andre kommunar, byar og regionsentra?

*Formannskapet er opprettar av og oppdragsgjevar for begge gruppene og set tidsfrist for rapportering, seinast 4 månader etter oppretting. Kvinnherad kommune syt for turvande finansiering av sekretariatfunksjonen og dekking av evt. reise/møteutgifter for medlemene.*

-----  
Med venleg helsing

Styret i Husnes Vekst 20.08.2018  
Åsmund Kåre Rørvik (styreleiar)

På dei følgjande sidene har vi freista kommentera dei fleste av spørsmåla planen reiser:

## 1. Digitalisering

### Aktuelle problemstillingar:

Korleis skal vil finne konkrete miljøvennlege og smarte digitale funksjonar og løysingar for regionsenteret?

**Bygg på erfaringsgrunnlaget frå andre som har vore gjennom same prosessen. Men: Hugs at Husnes ikkje må samanliknast med storbyar som Amsterdam, Singapore eller Barcelona!**

Korleis kan Greensight sitt arbeid vidareutviklast og takast med i miljøprofilen til Kvinnherad kommune og Husnes Regionsenter?

**Ikkje involver fleire konsulentelskap (Greensight). Bygg på, og start heller prosessen med revisjon av kommunen sin miljøplan frå 2011 som inneheld mykje bra men er mogen for revisjon.**

Korleis skal ein aktivt nytta klima- og energiplanen til kommunen?

**Planen for 2011-2020 er forpliktande. Alle nye (og eksisterande) tiltak må kontrollerast mot planen. Kor står vi i dag i høve til intensjonane i vedtaket frå 2011?**

Kan samarbeid med sentrumsforeininga for å fremja digitalisering i handlesenteret?

**Ja, heilt klart (om sentrumsforeining eksisterer). Bør vera samarbeide mellom all næringsverksemd, offentlege institusjonar/kontor og organisasjonar(idrett/kultur) i sentrum.**

Kva digitaliseringsvertøy er mest aktuelle for regionsenteret?

**Utviklinga går svært fort. Dette må vurderast ut frå kva problemstilling/utfordring som skal løysast. Ikkje selementer gamle tenkemåtar ved å digitalisera dei.**

## 2. Samferdsle

### Aktuelle problemstillingar:

- Korleis skal ein organisere bussruter innad i kommunen?

**Bussrutene må organiserast mest mogeleg etter trøng (arbeidstider, skule, fritidsaktivitetar) og ha høg frekvens i desse tidsromma. God korrespondanse med alle snøggbåtar/ferjer/ekspressbussruter. Forsøk med elektriske bussar i nærområdet rundt regionsenteret (Valen-Teigen-Sunde-Kaldestad)**

- Kor stor del av biltrafikken i regionsenteret er intern?

**Oppvekstsenter, helsecenter, idrettssenter og handel/tenestesenter ligg for langt frå kvarandre. Dette, saman med vestlandsklimaet, fører til ein del meir intern trafikk enn ønskjeleg.**

- Korleis kan ein få fleire til å gå, sykle og ta buss innad i regionsenteret?

**Leggja til rette for trygge, gode sykkel- og gangvegar. Moglegheit til å låna gratis sykkel. Plassere ut syklar i dei ymse delane. Subsidiere kjøp av elektrisk sykkel.**

- Kva må til for å knytte sentrum betre saman med tenestene skule/helse/omsorg?

**Byggja gang- og sykkelveg mellom Hidlervegen og Sentrumsvegen bak «Hybelhuset» Flytta helsecenteret frå dagens plassering til bygning i sentrum nært det nye trafikknutepunktet.**

- Korleis kan ein få fleire til å velje kollektivt når dei reiser til Husnes?

**Bussrutene må organiserast mest mogeleg etter trøng (arbeidstider, skule, fritidsaktivitetar) og ha høg frekvens i desse tidsromma. Låge billettprisar. Subsidierte månadskort**

- Korleis skal ein planleggje parkeringsareal?

**Bruka eksisterande, byggje nye under bakkenivå. Parkeringshus under nybygg.**

- Korleis kan ein få effektiv, miljøvenleg og trygg varelevering i sentrum?

**Ta omsyn til varelevering ved planlegging av nye bygg/ombyggingar**

**Inviter handelsnæringa i området og transportørane til å koma med gode framlegg**

- Korleis kan ein sikre effektiv kommunikasjon mellom regionsenteret og Stord, Bergen, Stavanger og Oslo?

**Så snart som mogeleg få realisert ferjefritt vegsamband (Kvifast/Sunnfast) mellom Kvinnherad, Tysnes og Stord til E39 vidare mot Bergen/Haugesund/Stavanger.**

**Start planlegging av veg mellom rundkøyringa i Podlen ut til Bjellandsneset no!.**

**Auka frekvens i snøggbåtsamband til/frå Stord og Flesland/Bergen.**

**Koordinering av flyruter på Stord lufthamn med snøggbåt og flybuss.**

- Kva må til for å få eit funksjonelt senter for gåande og syklande?

**Skilje mellom bilar og mjuke trafikantar. Minst moglege kryssingspunkt/gangfelt. Undergangar og/eller overgangar. Mogeleg å gå mest mogeleg tørrskodd og i ly for vind og vær mellom dei ymse delane av handels-, kultur- og kontorbygg. Oversiktlege vegar og kryss.**

**Gjer Hidlervegen, Lonavegen og Sentrumsvegen (mellan kryssa med Opsangervegen, Kolavegen, og Heiamyro) til miljøgater. Få all gjennomgangstrafikk til å gå utanom sentrum ved å nytta Opsangervegen og Bognesvegen/Heiamyro. Fjern den meiningslause miljøgatestatusen på Opsangervegen og gjer han til forkørysveg med 40 eller 50 km/t fartsgrense.**

### **3. Næringsutvikling og sysselsetjing**

**Aktuelle problemstillingar:**

- Korleis kan regionen Kvinnherad tiltrekka seg fleire kompetansearbeidsplassar?

**Så snart som mogeleg få realisert ferjefritt vegsamband (Kvifast/Sunnfast) mellom Kvinnherad, Tysnes og Stord til E39 vidare mot Bergen/Haugesund/Stavanger. Auka frekvens i nøggbåtsamband til/frå Stord og Flesland/Bergen.**

**Tilrettelegge for kompetansemiljø (klyngjer) i regionsenteret.**

**Sjå framlegg om oppretting av eigen prosjektgruppe for å utgreia næringsliv.**

- Korleis kan regionsenteret tiltrekka seg statlege og regionale arbeidsplassar?

**Sjå framlegg om oppretting av eigen prosjektgruppe for å utgreia dette spørsmålet.**

**Det er sterk konkurranse om slike arbeidsplassar. Vi må sørge for å liggja langt framme i attraktivitet og nytta dei nettverk alle politikarar, næringslivsfolk og organisasjonsfolk har.**

- Kva type næringsetableringar ynskjer vi i regionsenteret?

**Regionsenteret har gode tilhøve for nyetablering for alle typar næringsetableringar. Både gode industriområde for tyngre industri og sentrumsnære tomteområde for kontorarbeidsplassar/lett industriverksemnd. Vi må ønske all næringsetablering velkommen!**

- Kva rolle skal regionsenteret ta i det grøne skiftet?

**Tiltak og utvikling må forhalda seg til kommunen sin miljøplan**

- Landbruket i Kvinnherad er ein ressurs både med omsyn til kulturlandskapet og lokalmat.

**Landbruket i Kvinnherad har lange tradisjonar og synet heile tida evne til nyutvikling både av drift og produkt. Vidare positiv utvikling er viktig for alle bygdene som soknar til regionsenteret.**

**Både vidareforedling og utvikling/produksjon av nye produkt må det tilretteleggjast for.**

**For å ivareta kulturlandskapet som er viktig for trivnad og turisme har Noreg mykje å læra av Sveits!**

- Korleis kan regionsenteret bruke potensialet som ligg i reiseliv og lokalmat?

**Reiselivet, særleg båtturisme, er alt i dag viktig for regionsenteret, både ved tenesteyting og handel**

**Landbruket i Kvinnherad bør ha permanent utsalstad av lokale produkt i handelssenteret**

- Finna ut om det vil vera interesse for, og vera pådrivar for eit kontorfellesskap?  
**Det bør leggjast til rette for dette i regionsenteret. Viser til eiga utgreiingsgruppe for næring.**

## 4. Bustadbygging

### Aktuelle problemstillingar

- Kan bustadbygging i sentrum gjere Husnes til ein meir attraktiv stad å vere, bu og drive næring i?  
**Ein må også sikra nok areal til sentrumsfunksjonar/ny næring i framtida. Det ligg godt til rette for å utvikla bustadareal i nærområdet. Prioriter bustader for eldre og personar med særskild trøng i sentrum.**

- Ligg bustadareal på dei rette stadene?

**Det bør utviklast gode og differensierte bustadareal i sykkel/gangavstand frå sentrum (Helland, Onarheimslio sør, Onarheim, Bognes, Røssland, Kaldestad). Dette området bør defineraast som «sentrumsnært bustadområde».**

- Korleis kan bustadbygging sikre at sentrum vert tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne?  
**Sjå dei to svara ovanføre.**

- Kva grep må til for å sikre bustadkonsentrasjon i sentrum, og ikkje utanfor?

**Sjå dei to svara ovanføre. Positive tiltak for å fremja bustadbygging i regionsenteret, snøgg kommunal handsaming av planar og løyver.**

- Korleis kan Husnes regionsenter bli eit reelt bu-alternativ for ulike grupper og livsfasar, t.d. seniortun, bufellesskap, etablerarbustadar?

**Først og fremst gjennom utarbeiding og vedtak av kommunale planar og tiltak som gjer det attraktivt for desse gruppene å busetja seg der.**

- Kan plassering av bustadar for eldre i sentrum gje betre livskvalitet lenger og meir effektive kommunale tenester?

**Ja, heilt klart. Alt etter omsorgsklasse bør bustadane liggja nærmest mogeleg sentrum.**

- Kva rolle skal kommunen og andre aktørar ha i bustadutbygging i sentrum?

**Kvinnherad kommune har alt gått inn i samarbeidsmodellar med private aktørar andre stader i kommunen (Øvre Neslia, Ølve). Slike samarbeidsmodellar bør snarast etablerast i det sentrumsnære bustadområdet.**

- Korleis kan ein sikra miljøvenlege bustader i sentrum?

**Utbygging må vera i samsvar med kommunen sin miljøplan**

- Korleis sikre attraktivitet i bustadmiljø i sentrum?

**God arkitektur (Kulturskulebygget!), kunst (Nupenplassen), grøne lunger, liv og aktivitet**

- Korleis sikra at ein kan leva eit godt liv utan bil i regionsenteret?

**Sjå tidlegare svar om kollektivtransport og interne kommunikasjonar i senteret**

- Korleis kan utbyggingsavtalar nyttast som verkty for å sikre at private bidrag til god byutvikling?

**Kvinnherad kommune har alt gått inn i samarbeidsmodellar med private aktørar andre stader i kommunen (Øvre Neslia, Ølve). Slike samarbeidsmodellar bør snarast etablerast for det sentrumsnære bustadområdet.**

## 5. Møteplassar, arkitektur og urbane kvalitetar

### Aktuelle problemstillingar:

- Korleis laga uformelle møteplassar der folk kan stoppe og sitje ned «medan dei et nista si eller vil slå av ein prat»?

**Det er i dag fleire slike plasser tilgjengelege hos private aktørar, både inne og ute (når været tillet). Samarbeida med sentereigar for å finna og evt leiga plass inne utan «kjøpepress».**

**Det må vurderast om dette kan etablerast i eller ved Aksen som kommunen eig og skal byggja om. Området mellom kulturhus og bibliotek har vore drøfta. Vi ser dette som ei særslig løysing då det vil øydeleggja inngangspartiet og foajeen. Dette området bør vera ope med god plass og nyttast i samband med arrangement og heller forskjønnast med kunst og planter.**

- Korleis kan regionsenteret bli ein stad folk oppsøkjer og ynskjer å opphalde seg?

**Ved at senteret kan tilby varer, tenester, arbeidsplassar, opplevelingar og vera ein god stad å opphalde seg. Godt vedlikehald og reinhald er viktig. I dag ber einskilde områder preg av slendrian, m.a. området mellom Aksen, biblioteket, inngangen til kulturhuset og banken.(boskonteinerar, sløkte gateljos og ljos ved skulptur i ustund, dårleg reinhald og vedlikehald)**

- Korleis få til god integrering og eit inkluderande samfunn?

- Kan ein flytta tenester til sentrum for å bedra tilgjenge for brukarar og aktivitet i sentrum?

**Vi har tidlegare kome med framlegg om å flytta helsecenterfunksjonane til sentrum, nært det nye trafikknutepunktet, apoteka og dei andre sentrumsfunksjonane. Dette vil gjera det langt lettare å nyttja kollektivtransport til/frå sentrum, gjera det enklare for alle som nyttar desse tenestene og gjera det enklare å kombinera fleire gjeremål når ein er på Husnes, og skapa meir liv i sentrum. Vil i stor grad redusera intern biltrafikk.**

- Korleis kan ein sikre gode tilgjengelege byrom og grøntområde i sentrum?

**Gjennom gode planar og god arkitektur**

- Berekraftig arkitektur?

???

- Kan ein snu mangelen på historisk arkitektur på Husnes til ein fordel ved å satsa på djerv, ny arkitektur?

**Arkitekturen i sentrum er historisk. Det sentrale samfunnshusbygget (festsalen) er typisk for si tid. Kulturskulebygget som er bygt saman med samfunnshusbygget representerer strålande djerv og flott arkitektur frå notida som vil verta historisk. Det er sjølvsagt ønskjeleg at ein ved nybygg / endringar nyttar gode arkitektar som maktar sjå det eksisterande i sams spel med det nye og djerne.**

- Skal vi ha eit sentrum tilpassa rullatorar og barnevogner, ikkje berre bilar?

**Dårleg retorisk spørsmål. Andre spørsmål i undersøkinga gjev svar på dette. Sjølvsagt skal sentrumsområdet vera tillpassa rørslehemma og barnevogner!**

- Korleis kan ein inkludera handelsstanden inn i prosessen med å skapa gode byrom?

**Må inviterast med i prosessgrupper. Handel/næring/institusjonar i sentrum må alle vera med.**

- Korleis skapa fleire attraktive leikeplassar og aktive byrom i sentrum?

**Husnes Storsenter har inne/ute leikeområde i dag. Leikeområde for dei små bør elles primært liggja i bustadområda. Aktive byrom er funksjon av den aktivitet ein får til der.**

- Korleis skal ein få aktive, tiltalande fasadar mot torg og ferdslearer?

**Sjå svar om arkitektur**

## 6. Kultur, turisme, idrett, friluftsliv og rekreasjon

Aktuelle problemstillingar:

Kva rolle skal kultur, idrett, turisme og frivillighet ha i regionsenteret?

**Gode tilbod og høg aktivitet innan desse områda er svært viktig for å gjera området attraktivt å bu i, arbeida i og driva verksemd i. Det er og svært viktig i arbeidet med å tiltrekkja seg nye innbyggjarar, arbeidsplassar og aktivitetar.**

Korleis kan vi styrke rolla til Kvinnherad kultursenter?

**Kvinnherad Kultursenter med kulturskulen, kulturhus, kino, bibliotek og ungdomssenter står sentralt i regionsenteret. Det er viktig at dette vert utvikla vidare ved at kommunen tilrettelegg slik at det vert aktivt nytta av lokale kulturaktørar. Kultursenteret er og godt eigna til større samlingar og seminar innan musikk, teater og andre kulturaktivitetar. Manglande overnattingskapasitet (hotell) gjer dette vanskeleg**

(Kan ein sjå på kultur, idrett, turisme, rekreasjon og friluftsliv under same paraply?)

**JA!**

-Skal ein jobba for å få fleire store idrettsarrangement til Husnes?

**Ja! Med eksisterande anlegg og planlagt ny fleirbruks Hall ligg dette godt til rette.**

**Overnattingskapasitet er flaskehals i dag.**

-Skal ein nytta idrett, kultur og frivillighet til å profilera regionen Kvinnherad?

**Ja! Kvinnherad har eit svært godt grunnlag for å byggja vidare på og utnytta dette!**

-Rekreasjon og friluftsliv er god folkehelse. Korleis kan ein gjera turområda i og rundt Husnes meir nytta?

**Husnes Vekst har starta eit samarbeidsprosjekt med m.a. Kvinnherad Turlag for å dokumentera alle turstiar frå sørsida av Uskedalen via Herøysundet, Husnes, Sunde, Valen, Sandvoll til Utåker.**

**Turstiane vil vera lagt inn på kart med nedlastbare GPS-spor, beskriving av tur og sti med biletar, start/parkering, vanskelighetsgrad osb. Alt tilgjengeleg nedlastbart og i app.**

-Frivillig arbeid og inkludering er god folkehelse. Korleis kan ein styrka dette arbeidet i regionsenteret?

**Det er allereie svært stor innsats gjennom frivillig arbeid i eit stort tal organisasjonar både i og rundt regionsenteret og i heile Kvinnherad. Det er viktig at kommunen støttar godt opp om dette arbeidet gjennom å forstå kva dette betyr for Kvinnherad og god tilrettelegging for alle som nyttar fritida si til slikt arbeid.**